



Kommunal- og
moderniseringsdepartementet

Instruks

Instruks for Merkur-styret

20.12.2021



Innhold

1	Innleiing	3
2	Om Merkur-programmet.....	3
3	Oppnemning og samansetjing av styret	3
4	Styret sine oppgåver	4
5	Styremøte, styreprotokoll og plan for styret sitt arbeid.....	4
6	Distriktssenteret sitt forvaltningsansvar	5

1 Innleiing

Instruksen er fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) 1.1.2022, jf reglement for økonomistyring i staten § 3, andre ledd, og trer i kraft frå same dato. Kopi av instruksen er sendt til Riksrevisjonen.

Instruksen erstattar instruks frå 1. januar 2019 for Merkur-programmet.

Instruksen skal sjå til at Merkur-programmet sine mål vert fremja på best mogleg vis, og sikre god og forsvarleg tilskotsforvaltning av dei støtteordningane som ligg til Merkur-programmet.

Styret opererer innanfor offentleg sektor, og arbeidet i styret er omfatta av alle sentrale regelverk som gjeld statlege verksemder og organ. Tilskotsforvaltninga skal følge Finansdepartementets Reglement for økonomistyring i staten, Forvaltningslova, rundskriv frå Finansdepartementet, samt tilføyingar og presiseringar gitt i denne instruksen. For Merkur-styret er det særleg kap 6 om tilskotsforvaltning og punkt 6.3 og 6.4, samt forvaltningslova om sakshandsaming og reglar om enkeltvedtak som gjeld. Merkur-programmet skal forvaltast i tråd med Forskrift om tilskot frå Merkur-programmet (Merkur-forskrifta).

Styret er også omfatta av Riksrevisjonens revisjonslov, og styrets arbeid er derfor underlagt innsyn og revisjon av Riksrevisjonen.

2 Om Merkur-programmet

Merkur-programmet skal sikre innbyggjarane i distrikta tilgang til ein nærliggjande daglegvarebutikk med god kvalitet, og med tilleggstenester som aukar omsetjinga, sikrar vidare drift og gir innbyggjarane i lokalsamfunnet betre tenester. Merkur-programmet skal også styrkje grunnlaget for lønsam drift av bokhandlar i distrikta.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet eig Merkur-programmet, og har det overordna ansvaret for programmet. Departementet oppnemner eit fagleg styre for Merkur-programmet, og fastset i denne instruksen styret sine roller, oppgåver og ansvar, og deira samband til Distriktssenteret.

3 Oppnemning og samansetjing av styret

Styremedlemmene vert utnemnde for 2 år om gongen, slik at halve styret vert utnemnd kvart år. Styret skal ha 8 medlemmer, inkludert leiar og nestleiar. Styret skal vere samansett av representantar for daglegvarekjedene, butikkdrivarar, kommunar og andre relevante samarbeidspartnarar. Styret skal ha ei samansetjing som sikrar minst tre representantar av kvart kjønn, og ei god geografisk fordeling. Departementet oppnemner leiar. Styret vel sjølv nestleiar. Dersom eit styremedlem trekkjer seg i perioden, skal departementet utnemne eit nytt medlem.

4 Styret sine oppgåver

Styret for Merkur-programmet er eit fagleg styre med følgjande oppgåver:

- Vere pådrivar for at eksterne samarbeidsaktørar som har tyding for Merkur-butikkane er kjente med, og bidreg til å realisere målsetjingane i Merkur-programmet, som til dømes bransjeorganisasjonar, daglegvarekjedene, Posten Norge AS, Norsk Tipping AS og Innovasjon Norge.
- Gi strategiske føringar for arbeidet med Merkur-programmet, gjennom å: vedta overordna budsjett for midlane avsett til Merkur-programmet, fordele midlar mellom dei ulike tilskotsordningane og kompetanseprogrammet sine aktivitetar, fatte vedtak om utviklingsprosjekt og større satsingar/aktivitetar i Merkur.
- Gi strategiske råd for arbeidet med Merkur-programmet, gjennom:
 - høyringar og innspel til departementet, innanfor relevante saker og politikkområde
 - vurdering av statusrapportar for tilskotsordningane og kompetanseprogrammet, som vert lagt fram på kvart styremøte
 - vurdering av innretting og prioriteringar i tilskotsordningane
 - vurdering av rammer og prioriteringar for Merkur-konsulentane sitt arbeid
- Utarbeide og vedta ein årleg rapport, som inneheld ei overordna vurdering av styret sitt bidrag til Merkur-programmet si måloppnåing. Styret sin rapport skal sendast til KMD, saman med Distriktssenteret sin ordinære årsrapport.
- Vere klageorgan for enkeltvedtak fatta av Distriktssenteret, innanfor dei økonomiske støtteordningane. Observatøren deltek ikkje i møtene når enkeltsaker knytt til klagehandsaming vert handsama.

5 Styremøte, styreprotokoll og plan for styret sitt arbeid

Det skal normalt haldast 6 styremøte i året.

Styret skal kallast inn med dagsorden, og få tilgang til styrepapira 1 veke før styremøta.

Styret kan fatte vedtak når minimum 4 av styret sine representantar er til stades på styremøtet.

Styret sine representantar skal til ei kvar tid vurdere om det kjem saker til handsaming som kan innebere at ein bør vurdere spørsmål om habilitet, jf. forvaltningslova, kapittel II. Om styret skal handsame ei sak der ein av styrerepresentantane leier, har ei leiande stilling i, eller er medlem av styret eller forsamlinga til ei verksemd som er part i saka, må habilitet i så fall vurderast i den konkrete saka. Habilitetsvurderingane skal dokumenterast skriftleg. Habilitet i styret følgjer normale reglar for habilitet, jf §6 i forvaltningslova.

Protokollen skal sendast til styreleiar snarast mogleg etter styremøta, og etter det gjerast tilgjengeleg for godkjenning av styret sine medlemmer.

Styremedlemmene får godtgjersle etter staten sine satsar for styrearbeid.

Styreleiar for Merkur deltek på saker om Merkur-programmet på dei to årlege styringsmøta mellom KMD og Distriktssenteret. Departementet kallar inn.

Departementet deltek i styremøta som observatør. Departementet er klageinstans på enkeltvedtak fatta av styret for Merkur-programmet, innanfor dei økonomiske støtteordningane.

6 Distriktssenteret sitt forvaltningsansvar

Distriktssenteret er ansvarleg for drift og forvaltning av Merkur-programmet, og får gjennom årlege tildelingsbrev nærare rammer for oppgåva, og forvaltar Merkur-programmet i tråd med forskrift om tilskot frå Merkur-programmet. Utgifter til forvaltning og administrasjon av Merkur-programmet, samt utgiftene knytt til styret for Merkur-programmet, vert belasta Distriktssenteret sitt budsjett.

Distriktssenteret førebur saker til styret sine møte i samråd med styreleiar, og leverer administrative støttefunksjonar for styret. Distriktssenteret skal bidra til god intern informasjonsflyt mellom butikkar, konsulentapparat og styret for Merkur-programmet.